



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat frå møte i Rådmannsforum

Dato: Fredag 22.04.2016

Tid: 09.00 – 13.00

Møtestad: Jondal kommunehus, Jondal

Rådmenn: Aud Opheim Lygre (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Siv Helle Prestegard (Jondal), Arild Steine (Kvam), Ole-Jørgen Jondahl (Odda), Magnus Steigedal (Ullensvang), Joakim Øren (Ulvik)

Administrasjon: Jostein Eitrheim (Hardangerrådet iks) Sekretær og Trude Rinaldo, Hardangerrådet

Forfall:

Møteinnkallinga er gjort i Outlook. Dokumenta er nummererte.

Agenda:

09.00 Sakshandsaming

11.00 Orienteringar:

Tilskot til oppretting av prosjektstilling i samband med kommunereforma

Orientering ved Rune Lothe, dagleg leiar i Interkommunalt Arkiv

Erfaring frå regionsamarbeid med ulike organisasjonsmodellar.

Rådmann i Stord kommune, og tidlegare rådmann i Ullensvang, Magnus Mjør deler sine erfaringar med oss.

Lunsj i møterommet i samband med orienteringane.

13.00 Møteslutt

Orienteringar:

Rune Lothe - Interkommunalt arkiv.

Prosjektstilling IKT - Kommunereformen

Presentasjon framlagt i møtet er vedlagt dette referat.

Rådmann i Stord kommune, Magnus Mjør

Erfaringar med ulike organisasjonsformer i Regionråd.

Sakliste Rådmannsforum:

RF-sak 07/16 Meldingar

Vedtak: Meldingane vert tekne til vitande

RF-sak 08/16 Møtebok frå Regionrådsmøte 31.03.2016 Orientering

Dagleg leiar orienterte om saker som var til handsaming i Regionrådet i møtet 31.03.

RF-sak 09/16 Aktuelle Prosjekt i Hardangerrådet

Orientering ved dagleg leiar

- Prosjekt Merkevarer-Hardanger Frukt/Reiseliv/Lokalmat
- Prosjekt Hardangermeny – Distribusjon

- Prosjekt Hardangerkonferansen 2016 Eidfjord 9. – 10. november

Drøfting av evt. fellesprosjekt for utviding av CittaSlow i Ulvik.

Joakim Øren orienterte om kva som ligg i CittaSlow-konseptet og kva dette inneber for Ulvik i dag.

Eit fellesprosjekt vil kunne gje nye kommunar ein eigen identitet.

Saka vert spelt inn som sak til neste fellesmøte Regionråd/Rådmannsforum.

RF-sak 10/16 Personvernombod – Interkommunalt samarbeid ? Drøfting

Dette er ei frivillig ordning. Dersom dette vert innført som eit pålegg for kommunane kan det vera aktuelt å sjå på eit interkommunalt samarbeid for dette. Inntil vidare vil ingen av kommunane gjera konkrete tiltak for å etablere eiga ordning med personvernombod.

RF-sak 11/16 Orienterings- og drøftingssaker. Saker innmeldte ved starten av møtet.

- Status for kommunane sitt arbeid ift. mottak av mindreårige flyktingar:
Odda: Har avventa avklaring vedr. søknad om skjønsmidler frå FM
Ullensvang: Har gjort avtale med folkehøgskulen om mottak.
Ulvik: Har avventa avklaring vedr. søknad om skjønsmidler frå FM
Kvam: Har laga prosjekt basert på fosterheim, bufellesskap og hybel/vert.
Jondal: Har til vurdering mogeleg tilbod om hybel/vert. Jondal er ikkje så langt beden om å ta imot mindreårige flyktingar.
Ullensvang/Odda/Ulvik samarbeider om prosjektstilling og koordinerer vidare arbeid mot utlysing og tilsetjing av prosjektkoordinator.
- Orientering om framlegg til ny kommunelov
Arild M Steine orienterte om prosessen vidare for handsaming av framlegget fram mot høyringsfristen.
Høyringsfrist 6. oktober.
- Høyring vedr. Organisering av den sivile rettspleie i politiet
Gjeld eks. Namsmann forliksråd
Lensmann kan vera namsmann også i nabodistrikt.

Jostein Eitrheim
sekretær